



Selma Eik held fram som leiar av det aktive helselaget

Forskning på hjartesyjukdommar vil også i år få ein sum av vårt lokale helselag, som tysdag klokka 19 held årsmøtet sitt i Gamleskulen. Det er tradisjon for at hjarte, tuberkulose og kreft får kvar sin sum før dei lokale føremåla vert tilgodesett. Nasjonalforeningen peikar på at hjarte- og karsjukdommar framleis tek flest liv i landet, faktisk så mange som 31 prosent. 26 prosent døyr av kreft og 10 prosent av lungesyjukdommar.

Minst like mange kvinner som menn får ein hjarte- og karsjukdom og fleire kvinner enn menn døyr av desse sjukdommane. Den store forskjellen er at kvinnene i snitt er 10 år eldre når dei vert sjuke. Mange kvinner er meir redde for brystkreft enn for hjartesyjukdom, men faktisk døyr 4 gonger så mange kvinner av hjarteinfarkt enn av brystkreft.

Nasjonalforeningen held difor fram at det trengs meir støtte til forskning på kvinnehjarter. I dag bygger behandlingsmetodane i for stor grad på forskning og erfaring knytt til menns symptomar og risikofaktorar. Kvinner tåler til dømes røykjing dårlegare enn menn. Andre faktorar som bidrar til auka risiko er diabetes, kolesterol, inaktivitet og høgt blodtrykk.

Nasjonalforeningen har ei hjartelinje som er open frå måndag til fredag mellom klokka 10 og 14. Der kan ein få svar på spørsmål om hjartesjukdom og nummeret er 23 12 00 50

Helselaget i Uskedalen har no 95 medlemmer og det har vore ein viss tendens til nedgang i den seinare tid. Men det er ein naturleg avgang, held styret fram.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.